



Notat

Dato: 21.05.2019
Arkivsak: 2014/11864-9
Saksbehandlar: josfjer

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedr. Bømlo vgs - lokalisering verkstadsareal for TIP, EL og naturbruk

Viser til oversendingsforslag frå SV frå møte i OPHE 14. mai 2019:

«**Daniel Charles Hextal (SV)** sette fram slikt oversendingsforslag på vegner av SV:

«SV ber om at spørsmålene som fremgår i e-posten fra Rune Indrehus fra Rubbestadneset vgs blir besvart innen møtet i Fylkestinget i Juni, og tar stilling i saken når alle informasjon er tilgjengelig:

1. Så vidt eg kjenner til, har Hordaland fylkeskommune som fast politikk at ein skal eige skulebygga ein nyttar. Å leige bygg, er ei løysing som berre skal nyttast tidsavgrensa; når ein t.d. må vente på nybygg eller ombygging, eller når ein veit at aktuelt tilbod skal ha ei kort levetid.
2. Omtalen av alternativ B inneheld – etter mitt syn - grunnleggjande feil: Fylkeskommunen treng ikkje å verken kjøpe, eller få regulert tomt. **Fylkeskommunen eig i dag ei (veldig) stor tomt** som noverande RUV ligg i – svært «nær industrien». Dei økonomiske aspekta, og tidsaspekta eg er inne på over, er såleis ikkje reelle. Ein kan t.d. sjå føre seg å sanere internatbygget i nord og bygge på ei stor, flott tomt der; eller ein kan sanere «Blåbygget» i sør (elektroavdelinga sitt noverande hus – oppført av tyskerbrakker), og ha rikeleg plass til eit verkstadbygg der. (Eg er klar over at vedtaket i 2016 seier at RUV-eigedommen skal seljast, men det er nok råd å ta unna tilstrekkeleg tomt til verkstadbygg, dersom viljen er til stades.)»

Hordaland fylkeskommune vil normalt eige hovudbygget på skulane våre, men det må vurderast i kvart enkelt tilfelle kva som er mest tenleg, økonomisk og mogleg å realisera. Det er i dag to skular i fylkeskommunen som har eit hovudbygg som er leigebygg. For mindre delar av skulen som bygg for gymnastikk er det ofte nytta lange leigeavtaler. Det er difor ikkje ein samanheng mellom leigebygg og levetida for ein aktivitet. For den aktuelle avtalen med UNITECH, så er det i intensjonsavtalen avtala ei leigetid på 15 år.

Størrelsen på bygget som skal etablerast for alternativ B er nærare tre gonger så stort som «Blåbygget», avhengig av endeleg vedtak om fagtilbod ved Bømlo vgs. Det er derfor ikkje mogleg å realisera eit nytt skulebygg på skuletomta med å berre riva «Blåbygget». Hovudbygget blir også påverka. For ei slik løysing

kjem det også kostnader til å etablere erstatningslokalar for den aktiviteten som er i «Blåbygget» i byggjetida. Når skulane på Bømlo er slått saman, så er det intensjonen å selja bygningsmassen på Rubbestadneste. Dersom ein skal riva å byggja på eksisterande tomt, så er det truleg at tappt salsinntekt og rivekostnader blir høgare enn kjøp av ny tomt. Det er også svært usikkert om ein kan gjennomføra eit slikt byggearbeid utan å regulera tomta for auka utnytting.

Tomta som internatbygget ligg på er stor nok til formålet og kan være aktuell tomt for alternativ B i saka. Det er også truleg at internatbygget kan avviklast utan erstatningslokalar. Avstanden til industrien er ein del lengre enn frå UNITECH bygget og tomta er lokalisert i eit område med einebustader som ikkje er optimalt. Det er å forventa at denne tomta må regulerast dersom ein skal riva internatbygget og etablere eit nytt skulebygg. Det vil også for tomta til internatbygget vera tapte salsinntekter og rivekostnader som truleg overstig kostnader av å kjøpa ei ny tomt.

Samla så er det vurdert at eigne tomter på Rubbestadneset vil ikkje gje reduserte kostnader eller redusert byggetid samanlikna med ei ekstern tomt, men at tomt for internatbygg kan vera ein av dei aktuelle tomtene dersom alternativ B blir vedteken i saka.